



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2148 - 17/20672

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
23.10.2017

Høyringsuttale til søknad om løyve for overflatebehandling ved Framo Holsnøy AS i Meland kommune

Viser til dykkar brev datert 13.09.2017 der de ber Meland kommune om fråsegn til søknad om løyve for overflatebehandling ved Framo Holsnøy AS. Dykkar ref. 2017/5753 461.3. De ber om at kommunen utaler seg på fleire spesifikke område som til dømes naturmangfald, luftkvalitet, reguleringsplanar i området, vassførekomstar og andre interesser i område.

Kommunen sin uttale til søknaden:

Vassførekomstar:

Det er tre vassførekomstar i området nær Framo Holsnøy AS:

Herdlefjorden – nordre, med status antatt god og ingen risiko for å ikkje nå miljømålet.

Herdlefjorden – søndre, status antatt moderat og risiko for å ikkje nå miljømålet. Tiltak i planperioden er problemkartlegging i forbindelse med kosthaldsråd.

Herdlefjorden sidebekker nord NØ, status antatt dårleg og risiko for å ikkje nå miljømålet. Tiltak i planperioden er problemkartlegging av avrenning frå annen landbrukskjelde.

Kommunen kan ikkje konkret vurdera korleis eventuelle utslepp av kjemiske stoff frå verksemda vil påverke miljøtilstanden i vassførekomstane. Kommunen viser her til at det er Fylkesmannen i Hordaland som er fag- og forvaltningsmyndighet på denne type verksemd.

Luftkvalitet:

Meland kommune har ingen særskilde mål for luftkvalitet i området.

Førekomst av sårbare dyre- eller planteartar i området:

Det er registrert ein sårbar art i område nært Framo Holsnøy, det vart i 2009 registrert Sjøorre (VU-sårbar) i myrområdet nord for Framo Holsnøy AS sitt område. Denne er truleg feil plassert i kartet og skulle truleg vere registrert i Herdlefjorden. I same området er det registrert Ærfugl (NT- nær truga) i 2009 og 2017.

Vidare er det registrert sandsvaler (NT) på sørsida av Fv. 564 i 2017, sandsvaler er ein art av nasjonal forvaltningsinteresse. I Herdlefjorden er det registrert fiskemåke og ærfugl, begge er i kategorien nær truga på raudlista.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen vil også vise til at Brakstadelva/Fløksandelva er eit sjøauførande vassdrag. Vassdraget er det vassdraget som har den lengste anadrome strekninga i kommunen, og det må takast omsyn til vassdraget.

Forhold til kommuneplanens arealdel:



1 Kart over tilgrensande areal (Kjelde: Nordhordlandskart)


Fabrikkområdet til Framo Holsenøy AS regulert i Reguleringsplan for Hjertås Nord, PlanId 1256 2005 0316. I vest grensar planområdet til LNF, i nord og aust er omkringliggjande areal sett av til framtidig næringsverksemd i kommuneplanens arealdel. I sjø er det regulerede områder for akvakultur, fiske- og låssettingsplass samt Forsvarets forbodssone som går i strandlina.

I tillegg finn ein følgjande gjeldande reguleringsplaner i området:

- Detaljregulering for Hjertås Industriområde Sør, PlanId 1256 2012 0002
- Reguleringsplan for utviding av Orrhøyen, PlanId 1256 1998 1026
- Reguleringsplan for Mongsedalen/Mjukebakkane, PlanId 1256 2001 0502

Bustadområda Orrhøyen, Mongsedalen/Mjukebakkane ligg eit stykke sør-aust for fabrikkområdet.

Forhold til tilgrensande reguleringsplan, Hjertås Industriområde:



2 Kart over gjelane reguleringsplan Hjertås Industriområde Sør

I sør grensar området til Fv. 564 Rosslandsvegen og Hjertås Industriområde Sør.

Reguleringsendring for Hjertås vart vedteke 29.03.2017. Planområdet vert i dag nytta som steinbrot/masseuttak. Endringa legg til rette for utviding av areal avsett til næring samt å gjere området for masseuttak mindre, slik at ein etter avviklinga av steinbrotet kan etablere næringsverksemd med tilhøyrande infrastruktur. Mot sjø er arealet regulert til steinbrot-, nærings- og kaiområde.

Andre lokale forhold:

På austsiden av Framo Holsnøy AS er eit kartlagt friluftsområde på Hjertåsfjellet, dette har verdi viktig. Området er eit viktig område for ferdsel som er mykje brukt, og tilgangen til område må oppretthaldast.

Konklusjon

Meland kommune har ingen merknader til søknaden om løyve til overflatebehandling ved Framo Holsnøy AS. Verksemda starta på staden i 2006 og kommunen legg vekt på at det omsøkte anlegget har vore i drift i fleire år på staden. Løyve til overflatebehandling må ikkje kome i konflikt med gjeldane planar i området. Kommunen ber også om at det vert tatt omsyn til Brakstadelva/Fløksandelva som er eit sjøareførande vassdrag. Det bør også takast omsyn til lokalt friluftsliv og det lokale naturmangfaldet ved løyve til overflatebehandling ved Framo Holsnøy AS.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN